

SPORTSPLAN FOR IL HØYANG.

2022 – 2026

INNHALDSREGISTER:

 Innleiing	Side 3
 Barnefotball 6-10 år	Side 4
○ Haldningar	
○ Generelt for aldersgruppa	
○ Kampar	
 Barnefotball 11-12 år	Side 5
○ Haldningar	
○ Generelt for aldersgruppa	
○ Kampar	
 Ungdomsavdelinga, 13-16	Side 6
 Junioravdelinga, 14-19 år	Side 7
 Hospitering, oppflytting og differensiering	Side 8
 Spelarutvikling og talentutvikling	Side 9
 Cupar og turneringar	Side 9
 Senioravdelinga, dame- og herrelag	Side 9
 Dommarar	Side 10
 Andre Retningslinjer	Side 10
 Forhold til andre idrettar	Side 11
 Anlegg – Bruk av gras/kunstgras	Side 11

Innleiing:

Publisering:

Sportsplanen blir lagt ut på websida til IL Høyang.

Revidering:

Sportsplanen bør reviderast kvart 4 år.

Generelle mål og retningslinjer:

IL Høyang Fotball sine hovudmål er:

“Å skape eit trygt og allsidig fotball- og fritidsmiljø som skal gi eit best mogleg tilbod til spelarar på alle alderstrinn og nivå.”

IL Høyang er først og fremst en breiddeklubb, der formålet er å gi eit tilbod til flest mogleg i dei ulike aldersgrupper. Fotballgruppa legg regelverk, retningslinjer og planar utarbeid av Norges Fotballforbund til grunn for sin aktivitet. Det skal leggst vekt på å gi eit likeverdig og differensiert tilbod til spelarane ut frå ynsker, behov og ambisjonar. I tillegg har verdiar som trivsel og glede overordna betydning i Fotballgruppa sitt arbeid. Samtidig skal det leggst til rette for utvikling av spelarar og lag.

«IL Høyang Fotball ynskjer å være en klubb der vi har ein «raud tråd» og ein klar fotballfilosofi gjennom trening og kamp. Vi skal vektlegge og «spille» fotball der vi bruker alle lagdeler og skal ikkje være en eksponent for å «sparke» fotball, ut ifrå visjonen om at fotball er et lagspel og må utviklast gjennom alle lagdeler.»

Det er viktig at styret, trenarar og lagleiarar har eit ansvar ovanfor dei aktive for korleis dei ynskjer at laget skal spele fotball, og at dette blir bevisst tatt med i treningsarbeidet.

2. Barnefotball, 6-10 år

a. Haldningar

Barnefotballen 6-10 år, bør fokusere på:

- samhold, lagfølelse, trygghet og trivsel
- å respektere medspelar, motspelar og dommarar
- å ta vare på eige og laget sitt utstyr
- å melde fråfall til trening og kamp

Vårt mål er å;

- påverke sosial læring og tilpassing til fotballspelet
- lære spelarane å innordne seg ei gruppe
- utvikle evna til å oppfatte beskjeder, og å møte fram til fastsett tid til trening og kamp
- innarbeide gode haldningar i god oppførsel i garderobe og på bane
- lære spelarane å ha utstyr i orden og at dette er med på trening og kamp

b. Generelt for aldersgruppa

De åtte Miniputt-bod:

- Spelet og treningane skal være tilpassa barna sine forutsetningar og behov
- Spelet og treningane skal pregast av forståing for barna sine behov for trygghet i deira eige idrettsmiljø
- Barna sin konkurransementalitet er heilt forskjellig frå vaksne. Barn dyrkar sin fotball først og fremst for å spele og seier eller tap har ikkje så stor betydning
- Barn blir usikre av overambisiøse vaksne
- Barn har ikkje noko imot styring, men dei må få pusterom til å utfolde seg
- Barn tar alt du seie bokstavleg
- Barn har behov for å snakke om laust og fast
- Barn har stort behov for å bli leda og at dei får (positive) kommentarar frå trenar/leder

c. Kampar:

Alle skal spele like mykje og utan sjenerande tilrop frå sidelinja. Det skal vekslast på å spele frå start, slik at ingen blir fast innbytar. Spelarane bør skifte plassar i laget, slik at dei lærer flest mogelege sider ved fotballspelet. Ein skal unngå å toppe laget.

BARNEFOTBALLEN 11 – 12 ÅR.

a. Haldningar

Barnefotballen 11-12 år, bør fokusere på:

- samhold, lagfølelse, trygghet og trivsel
- å respektere medspelar, motspelar og dommarar
- å ta vare på eige og laget sitt utstyr
- å melde fråfall til trening og kamp

Vårt mål er å;

- påverke sosial læring og tilpassing til fotballspelet
- lære spelarane å innordne seg ei gruppe
- utvikle evna til å oppfatte beskjeder, og å møte fram til fastsett tid til trening og kamp
- innarbeide gode haldningar i god oppførsel i garderobe og på bane
- lære spelarane å ha utstyr i orden og at dette er med på trening og kamp

b. Trening

- 2-3 økter pr veke
- Start økta med å for eksempel dagens tema
- Oppvarmingsdel, deretter oppvarming som øving med ball (føring, finter, vendingar)
- Fokus på individuelle del-ferdigheiter
- Spill på fleire mål
- Vanleg spel
- Gi skryt! Takk for i dag
- Avslutt alltid med ei "samling med drikkeflaska". Har vi hatt det kjekt? Har vi lært noko? Kva skal vi øve på heime?

c. Kampar

Alle skal spele like mykje og utan sjenerande tilrop frå sidelinja. Det skal vekslast på å spele frå start, slik at ingen blir fast innbytar. Spelarane bør også i dette alderstrinnet skifte plassar i laget, slik at dei lærer flest mogelege sider ved fotballspelet.
Ein skal unngå å toppe laget.

Ungdomsavdelinga, 13-16 år

Vårt mål er å:

Gi så mange ungdommar som mogleg eit fotballtilbod i eit miljø prega av trygghet, meistring og trivsel. Spelarane skal ha mogelegheit til å velge ut frå eit variert tilbod og sine egne ynskjer, motiv og behov. Det skal jobbast med haldningar i forhold til:

- treningsreglar / trenings vanar
- å melde frå om forfall til trening og kamp
- samarbeid / samhold
- hjelpe andre
- oppmuntring
- lagfølelse
- å respektere medspelarar, motspelarar og dommar (Fair Play)
- å ta vare på eige og laget sitt utstyr
- haldningar til røyk og rusmiddel
- haldningar til sunt kosthald

Foreldrevettreglene gjengitt:

Gjennom barn og ungdoms deltakelse i fotball vil omtrent annenhver husstand ha et forhold til fotball, enten som deltaker eller som tillitsvalgte, foreldre og foresatte. Denne frivillige innsatsen utgjør selve grunnfundamentet som norsk fotball bygger på. Stor deltakelse fra ressursgruppen foresatte, foreldre og besteforeldre vil i framtiden være helt vesentlig for å kunne drive fotballaktiviteten. Som foresatte og foreldre kan du bidra til å gjøre barnefotballen til en opplevelse for barna. Her er noen huskereglene:

1. Møt fram til kamp og trening - barna ønsker det
2. Gi oppmuntring til alle spillerne under kampen - ikke bare din datter eller sønn
3. Oppmuntre i medgang og motgang - ikke gi kritikk
4. Respekter lagleders bruk av spillere - ikke forsøk å påvirke han/henne under kampen
5. Se på dommeren som en veileder - ikke kritiser hans/hennes avgjørelser
6. Stimuler og oppmuntre ditt barn til å delta - ikke press
7. Spør om kampen var morsom og spennende - ikke bare om resultatet
8. Sørg for riktig og fornuftig utstyr - men ikke overdriv
9. Vis respekt for arbeidet klubben gjør - ta initiativ/delta på årlig foreldremøter for å avklare holdninger og ambisjoner
10. Tenk på at det er ditt barn som spiller fotball - ikke du
11. Vis respekt for andre – ikke røyk på sidelinja
12. Husk at barna gjør som du gjør – ikke som du sier

Junioravdelinga, 14-19 år

Vårt mål er å:

- utvikle og behalde juniorlag både på jente- og gutelag
- vidareutvikle spelaren sine fysiske, psykiske, tekniske og taktiske ferdigheiter
- vektlegge hurtigheit og teknikk i spelsituasjonar, samt taktisk forståing på alle plan
- gi spelarar som ynskjer det tilbod om aktivitetskurs, trenar 1-kurs og dommarkurs

Trenere på dette alderstrinnet bør ha ein sterk personlegheit med høgt fotballfagleg kunnskapsnivå, i tillegg til naturleg autoritet som gir nødvendig disiplin. Det bør skapast eit godt miljø for læring og instruksjon, basert på glede, trivsel, og tryggheit. Trenere tar ut lag ut frå haldningar, oppmøte og innsats.

Spelarane i denne årsklassa har betre mental styrke, sjølvtilit og følelsmessig kontroll. Dei har tileigna seg vaksne sine roller og tankemåte, og ynskjer å bli behandla deretter. Treninga skal være på eit slikt plan at spelarane automatisk kan gå inn i en A- eller rekrutterings - stall. Dette gjeld fysikk, teknikk, taktisk og mentalt. Det skal oppfordrast til eigentrening.

Hospitering, oppflytting og differensiering.

Barn kan få være med eldre lag i trening og kamp gjennom hospitering, men kravet er at dei også spelar kamp på eige lag.

Det er viktig med god dialog mellom involverte paratar. Den trenar som ser eit behov for hospitering, melder behovet til klubben. Det er klubben som evaluerer og eventuelt iverksette. Alle lag pliktar å ta imot hospitantar.

Dersom en spiller viser heilt spesielle evner og ferdigheiter, kan det gis en opning for ein oppflytting på eit eldre årstrinn. Dette må kun skje etter ein nøye vurdering av, og einigheit mellom klubb, spelaren sjølv, føresette og involverte trenarar.

Spelarane må og bli utfordra på sitt ferdigheitsnivå. Difor ynskjer vi også å legge til rette slik at barn kan få ulike typar utfordringar ut frå interesse, ferdigheiter og modning. Det betyr at en i barne- og ungdomsfotballen tilpassar trenings- og kamptilbod i størst mogeleg grad etter enkeltspelarens ferdigheiter, motivasjon, treningsinnsats, ynskjer og behov. Hospitering, oppflytting og differensiering kan avtalast frå 8-9 år.

IL Høyang, viser til Norsk Fotballforbund sine retningslinjer for barne- og ungdomsfotball, i tillegg har vi følgjande kriteria:

- Som hovudregel ønskjer vi ikkje at nokon i barnefotballen skal hospitere høgare opp enn to årsklassar.
 - Når det er snakk om hospitering utanfor dei anbefalte rammene, vert det gjort ei individuell vurdering. Her legg ein til grunn fysiske føresetnader, ferdigheiter og treningsiver. Andre omsyn som spelar inn kan til dømes være miljøet kring borna det gjeld. Vi er små bygder, og ein liten klubb, og det er ikkje alltid tenleg å samanlikne seg med større klubbar/byar.
 - Vi ønskjer ikkje at hospitering skal gå på kostnad av det alderstrinnet ein høyrer til. -Hospitering skal komme på toppen, og vere eit ekstra tilbod. Nokre gonger greier ikkje klubben å gi anbefalt tal treningar i veka til dei ulike laga, då kan det vere nyttig å slå seg saman, eller gi tilbod saman med andre lag.
 - IL Høyang brukar retningslinjene til NFF ang hospitering, kor det ikkje er anbefalt å hospitere før borna er 12 år gamle, det kan likevel være unntak:
 - I retningslinjene til NFF, finn vi at det i frå aldersklasse 8-9 år vil kunne vere tilfelle kor «fysikk og tidleg utvikling av ferdigheiter gjer hospitering nødvendig», til tross for at dei i utgangspunktet ikkje anbefaler hospitering i desse årsklassane. Vi i IL Høyang meiner, i tråd med NFF, at det må vere mogeleg å nytte seg av skjønn i enkelte tilfelle.
 - Når skjønn blir nytta er det i utgangspunktet lagets ansvarlege som er myndiggjort til å desse avgjerslene, men ved behov og ønskje kan dette drøftast med styret.
-

Spelarutvikling og talentutvikling.

IL Høyang Fotball vil prøve å tilby dei som ynskjer fleire treningar. Dei bør kunne få tilbod med godt skulert trenarapparat, og god kvalitet på treningane.

IL Høyang Fotball har som mål og oppretthalde dette tilbodet.

I tillegg til intern spelarutvikling kan spelarar med spesielle ferdigheiter også nominerast til å delta på sone-, bylags-, kretssamlingar. Det er trenar saman med kretsansvarleg som tar ut aktuelle spelarar.

Trenere har plikt til å nominere spelarar ved aktuelle samlingar.

Cup`ar og turneringar

IL Høyang har vedtatt at kvert 2. år skal årsklasse 13 og 14 få tilskot, og moglegheit til å delta på Norway Cup.

Laga i IL Høyang står fritt til å delta på cupar og turneringar, men styret skal vere informert om dette.

Senioravdelinga, dame- og herrelag

Våre mål er:

- å ha dame- og herrelag
- å skaffe egna trenere
- å skaffe laga ei god støttegruppe

Krav til spelarane:

- Spelarane må bidra til Fotballgruppa sin økonomi ved å delta på dugnader og andre inntektsbringande aktivitetar.
- Spelarane må hjelpe til i forbindelse med interne turneringar/cupar, f eks ved dømming.
- Det bør stimulerast til at spelarane tar trener-/leiarkurs
- Spelarane må stå fram som gode eksempel for dei yngre

Dommarar

Våre mål er:

- Å rekruttere dommarar
- Å stille nok kvalifiserte dommarar til klubbens eigne turneringar, inkludert også Miniputtturneringar
- Å stille med eigen rekruttdommar/ klubbdommar/ til alle heimekampar på alderbestemt nivå der det ikkje er sett opp dommar frå krets
- Å gi dommarane status på linje med spelarane på det nivå den enkelte dømmer
- Å utvikle den enkelte med tanke på avansement
- Å halde samlingar for alle dommarar i klubben

Dommarane i IL Høyang får ikkje honorar for å dømme i Høyang sine eigne turneringar/kamper, men får elles fullt honorar etter fastsette satsar

Andre Retningslinjer

Utdanning

Alle trenere i alderbestemt fotball skal oppfordrast til utdanning/ trenarkurs. Klubben vil gi støtte og informasjon om ulike kurs.

Medlemsskap/treningsavgift:

Alle våre medlemmer må ha betalt treningsavgift for delta i lagets aktivitetar. Er ikkje denne eller spelarlisens betalt, kan styret sanksjonere overfor spiller.

Haldningskontrakt:

Alle våre aktive spelarar frå ungdomsavdeling og opp til seniorlag, skal underskrive en haldnings- og spelarkontrakt med IL Høyang Fotball. Ein slik kontrakt skal innehalde reglar for korleis vi vil våre aktive skal oppføre seg, haldning til rusmidlar, kosthald, laget sitt utstyr, fair-play, forfall til trening og kamp, overgang til annan klubb, respekt for medspelarar, motspelarar, dommarar, betalt treningsavgift/lisens. Styret står for innhaldet i kontrakta og lagleiar for laga har plikt til å få alle til å skrive under.

Forhold til andre idrettar

Andre idrettar skal sjåast som likeverdig med fotball, og det skal være mogeleg å vere med på andre aktivitetar.

Ved kollisjon går kamp/konkurranse framfor trening.

Treningstid same dag bør ein unngå.

Dersom det avviklast fotballturneringar i andre idrettar sin konkurranseperiode, skal det meldes frå i god tid. Dersom ikkje slik melding blir gitt, går den gruppa som er inne i konkurransesesong framfor ved kollisjon.

Elles oppfordrast det generelt til samarbeid mellom lagleiar/trenarar i fotballgruppa og "konkurrerende" idrettar på same alderstrinn.

Anlegg - Bruk av gras/kunstgras

Bruk av idrettsanlegget blir styrt av Høyanger kommune.

Fotballgruppa set opp sine ynskjer til treningstider samla ved sesongstart.

Kampar skal prioriterast framfor treningar. Vi må ha ein god dialog mellom trenarar på dei involverte laga ved kollisjon mellom kamp og trening.

For styret i Høyang fotball

Tore Ytredal